RADØY
KOMMUNE

TRAFIKKSIKRINGSPLAN

2014-2020

Vedteke i kommunestyret 28.04.2015

Innhald:

innleiing 3

Organisering av arbeidet 3

Kvifor kommunal trafikksikringsplan? 3

Oppbygging av trafikksikringsplanen 4

Utfordringar 4

VISJON OG MÅLSETTING 13

Tilhøve til andre kommunale planar 13

Ansvarsdeling i trafikksikringsarbeid 14

Litt om Radøy kommune 16

Folkehelseperspektiv 16

DAGENS VEGSITUASJON I RADØY KOMMUNE 17

BARNEHAGAR OG SKULAR PÅ RADØY 19

Særordningar for skuleskyss 21

TILTAKSDEL 22

HALDNINGSSKAPANDE TRAFIKKOPPLÆRING 22

Planar for ikkje fysiske tiltak og haldningsskapande Trafikkopplæring 23

FYSISKE TRAFIKKSIKRINGSTILTAK 24

Fylkesvegar 25

Kommunevegar 33

Vedlegg: 40

Nyttige heimesider: 40

Statens vegvesen sin fartsgrensepolitikk 41

Grunnlag for kostnadsberekning 42

Kjelder: 44

Tiltaksliste, fysiske tiltak 45

Fylkesvegar 45

Kommunevegar 46

INNLEIING

Trafikksikringsplanen var utarbeidd som ein kommunedelplan for å få den politisk forankra, og for å sikra et den vert rullert. Kommunedelplanen gjaldt for planperioden 2001 – 2012 og vert med dette revidert og vidareført for ein ny periode.

Kommunen er satt til å følgje opp nasjonal og regional politikk. Hordaland fylkeskommune har vedteke *«Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2010-2013»* og det er naturleg at trafikksikringsplan for Radøy følgjer opp intensjonane i den regionale planen. Handlingsplanen for Hordaland er og nytta som utgangspunkt for denne kommunale planen.

Organisering av arbeidet

Formelt varsel om oppstart av planarbeid var kunngjort 13. februar 2013.

Formannskapet er styringsgruppe for arbeidet.

Rådmannen har sett ned administrativ arbeidsgruppe for å utarbeide framlegg til revidert plan for trafikksikring. Gruppa har bestått av Tore Rikstad, kommuneingeniør, Helge Vallestad, rådgjevar oppvekst og Kjersti Flatråker, rådgjevar plan.

I samband med utarbeiding av trafikksikringsplanen for 2001 – 2012 var det ein omfattande prosess som låg til grunn. Det kom inn mange framlegg til gode tiltak, og dei som ikkje er gjennomført vert ståande på tiltakslista. I den reviderte trafikksikringsplanen vert altså tiltak som er utført teke ut av lista og andre vert lagt til.

I samband med arbeidet til trafikksikringsplanen er det kome inn krav og ynskje om tiltak i område som vert oppfatta som trafikkfarlege. Ofte er dette knytt opp mot område der mjuke trafikantar ferdast. Dei innkomne merknadene gjev uttrykk for kva stader trafikantane eller foreldra føler seg utrygge. Reduksjon av utryggleiken kan i seg sjølv vera eit mål.

Det er viktig at me er visse på kva tiltak som fyrst og fremst kan redusere utryggleiken , og kva tiltak som reduserer risiko for ulukke.

Mange av dei ynskte tiltaka er enkle, og krev små resursar for å gjennomføre. Andre tiltak er av meir langsiktig karakter og krev store resursar. Store inngrep som til dømes gang – og sykkelvegar krev reguleringsplan med formell handsaming, noko som ofte er tidkrevjande.

Framlegg til revidert plan vert sendt på høyring til barnehagane, skulane, helsesyster, beredskap, lag og organisasjonar, regionale styresmakter, busselskap og andre viss interesse vert rørt.

Kvifor kommunal trafikksikringsplan?

Målet med trafikksikringsplanen er å oppretthalde og på nokre område styrke kommunen sin innsats innan trafikksikringsarbeid, særleg på førebyggjande tiltak samt haldningsskapande arbeid.

Radøy kommune sin trafikksikringsplan har fokus på at samfunnet skal leggje til rette for at folk kan gå og sykle. Det er særleg fokus på å leggje til rette for at elevane skal ha trygg skuleveg.

Folkehelseperspektivet er viktig i arbeidet og befolkninga skal ha trygge vegar å gå og bevega seg på, lett tilgjengeleg.

Frå 2001 vart det å ha ein trafikksikringsplan ein føresetnad for å få statleg stønad til planlegging og gjennomføring av tiltak for sikring av skulevegar for born.

I kommuneplanen for Radøy er det sagt at det skal lagast trafikksikringsplan for kommunen. I planstrategien for Radøy kommune, som vart vedteke i 2012, vart det bestemt at gjeldande trafikksikringsplan skulle takast opp til revisjon.

Det vert stilt krav til korleis søknader om stønad til planlegging og bygging av fysiske tiltak på fylkesvegar og kommunale vegar skal utformast.

> Føremålet med dei kommunale trafikksikringsplanane er å legge grunnlaget for målretta og systematisk trafikksikringsarbeid på lokalplanet. Kommunen sitt ansvar for trafikksikring er mangesidig. Ansvaret er dels knytt opp til rolla som veghaldar for kommunale vegar, og deira ansvar for opplæring i skule og barnehagar og innanfor helsetenesta og miljøretta helsevern.

Kjelde: Hordaland fylkeskommune

Oppbygging av trafikksikringsplanen

Innleiingsvis skal planen peike på utfordringar, vidare skal planen framheve målsetjingar og prioriteringar for trafikksikringsarbeidet i Radøy kommune. Ei liste over dei tiltak kommunen ser er mest naudsynte for å sikre trygge skulevegar og gode trafikktilhøve ligg som eiga punkt i planen.

Utfordringar

Hovudutfordringane i alt trafikksikringsarbeid er å redusere tal, omfang og alvorsgrad på ulykker. Fokus på trafikksikring er først og fremst viktig for å redusere dei menneskjelege konsekvensane, med alvorlege skadar og tap av liv. I tillegg er det slik at trafikkulykker kostar samfunnet svært mykje ressursar. På landsbasis kostar vegtrafikkulykkene samfunnet kvart år ca kr 35 mrd kroner (berekningane er basert på nasjonale gjennomsnittstal frå Trygg Trafikk).

Sannsynlige medvirkende faktorer til dødsulykkene i perioden 2005-2012

Medvirkende faktorer	**Andel av dødsulykkene**	
	Gj.snitt 2005-2012	**2012**
Faktorer knyttet til trafikantene		
*Manglende førerdyktighet **	54 %	60 %
Høy fart etter forholdene/godt over fartsgrensen	**45 %**	**28 %**
Ruspåvirkning	22 %	24 %
Tretthet/avsovning	14 %	19 %
Sykdom	10 %	9 %
Mistanke om selvvalgt ulykke	6 %	6 %
Faktorer knyttet til veg- og vegmiljø	27 %	29 %
Faktorer knyttet til vær- og føreforhold	16 %	15 %
Faktorer knyttet til involverte kjøretøy	22 %	24 %

Sannsynlig medvirkende faktorer til skadeomfang i dødsulykkene i perioden 2005-2012

Medvirkende faktorer til skadeomfanget	**Andel av:**	**Gjennomsnitt 2005-2012**	**2012**
Den omkomne i bil brukte ikke bilbelte	Omkomne i bil	**43 %**	**41 %**
Den omkomne på motorsykkel brukte ikke hjelm eller brukte hjelmen feil	Omkomne på MC	22 %	12 %
Den omkomne på moped brukte ikke hjelm eller brukte hjelmen feil	Omkomne på moped	47 %	24 %
Den omkomne syklisten brukte ikke hjelm	Omkomne syklister	65 %	62 %
Høy fart har medvirket til at ulykken har fått dødelig utgang	Dødsulykker	40 %	32 %
Stor vektforskjell mellom involverte kjøretøy	Dødsulykker		
- Kollisjon mellom personbil og lastebil/buss/vogntog		19 %	25 %
- Kollisjon mellom MC og lastebil/buss/ vogntog/personbil/varebil		7 %	6 %
For dårlig passiv sikkerhet i involverte kjøretøy	Dødsulykker		
- Kritisk treffpunkt på involverte kjøretøy		22 %	26 %
- Dårlig karosserisikkerhet		16 %	19 %
- Ikke kollisjonsputer i bilen		6 %	7 %
Forhold ved vegen og vegmiljøet	Dødsulykker		
- Farlig sideterreng		23 %	17 %
- Dårlige eller unødvendig monterte rekkverk		5 %	6 %



Kjelde: Statens vegvesen og vegdirektoratet

«I perioden 2000-2010 var talet på trafikkdrepne på vegane i Hordaland 191 og vi hadde om lag 950 alvorlege ulykker i same perioden. Årleg ligg talet på skadde og drepne i trafikken i Hordaland på litt over 1000.» Kjelde Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2010-2013.



Fig 1. Ulykkesutvikling i tiårsperioden 1999-2008.



Figur 3: Fordeling på ulykkestype, 2004-2008

I Hordaland utanom Bergen ser me av statistikken at det er utforkjøring som er den langt vanlegaste ulykkes typen. Møteulykke er den neste og så kjem påkøyring bakfrå. Av figuren over ser me at fotgjengarar er innblanda i 6 % av ulykkene.

Ulykkesstad

Kommune	Sum Ulykker 5 år	Ulykker pr 1000 innb	Ulykker pr km veg
1201 Bergen	2157	8,56	1,85
1246 Fjell	160	7,44	0,88
1247 Askøy	141	5,77	0,84
1243 Os (Hord.)	134	8,15	0,86
1221 Stord	133	7,69	0,63
1263 Lindås	129	9,19	0,29
1235 Voss	113	8,15	0,22
1228 Odda	103	14,60	0,42
1219 Bømlo	73	6,59	0,32
1216 Sveio	70	14,27	0,32
1224 Kvinnherad	69	5,26	0,17
1238 Kvam	56	6,72	0,25
1242 Samnanger	44	18,50	0,46
1231 Ullensvang	41	12,24	0,25
1256 Meland	41	6,33	0,34
1253 Osterøy	39	5,30	0,17
1260 Radøy	39	8,08	0,28
1245 Sund	34	5,76	0,37
1251 Vaksdal	32	7,79	0,15
1211 Etne	30	7,78	0,15
1232 Eidfjord	27	28,57	0,21
1241 Fusa	27	7,12	0,14
1266 Masfjorden	26	15,74	0,14
1259 Øygarden	25	5,92	0,30
1222 Fitjar	24	8,25	0,33
1223 Tysnes	23	8,24	0,13
1264 Austrheim	20	7,76	0,22
1234 Granvin	18	18,95	0,19
1233 Ulvik	16	14,61	0,22
1244 Austevoll	16	3,62	0,13
1227 Jondal	9	8,81	0,12
1252 Modalen	3	8,55	0,06
1265 Fedje	1	1,68	0,06
Hordaland	3873	8,40	0,58

Figur 4: Ulykker og indeksar per kommune, 2004-2008, sortert etter talet på ulykker.
Høge verdiar/Låge verdiar

Trafikantgrupper



	Bilfører	Bilpassasjer	Person lett MC	Person annen MC	Person moped	Person sykkel	Fotgjenger	Aker	Andre
Lettare skadd	2466	1264	86	206	312	302	420	3	39
Sum drept og hardt skadd	189	99	13	69	36	31	60	1	8

Figur 7: Skadde og drepne i Hordaland 2004-2008, fordelt etter trafikantgruppe

Figur 7 viser korleis dei skadde/drepne i Hordaland fordeler seg på ulike trafikantgrupper. Det er skilt mellom lettare skadde og drepne/hardt skadde. Det er klart flest bilførarar og bilpassasjerar som vert skadd/drepne. Om ein derimot ser på andelen hardt skadde/drepne innanfor kvar trafikantgruppe, ser ein at særleg førarar av MC og fotgjengarar kjem dårleg ut.

Ulykkesstatistikkane viser at Hordaland ligg over landsgjennomsnittet og har store utfordringar knytt til å redusere tal og omfang av trafikkulykker.

Med tanke på ulykkene med hardt skadde og drepne, skjer eit klart fleirtal av desse utanfor Bergen. Utforkøyringar og møteulykker peikar seg ut som dei viktigaste kjeldene til alvorlege ulykker utanfor Bergen.

Med omsyn til kjønn og alder, er det ein overrepresentasjon av unge menn, spesielt innanfor aldersgruppa 16-20 år, i ulykkesstatistikken. Også her er tendensen klarast i fylket utanfor Bergen.

Kjelde: Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2010-2013.

Status i Radøy kommune
Radøy har ingen stor gjennomfartsåra i kommunen. Samanliknar me oss med Lindås kommune som har E39 veit me at dei har mange fleire av dei store ulukkene med hardt skadde og drepne.

I grisgrendte strok er det vanleg at ungdomane køyrer mykje sjølve, både med mc og bil, sett i forhold til i byane og meir urbane strok kor kollektivtrafikken er betre utbygt. Det gjev eit potensiale for fleire ulukke med ungdomar involverte.

Antall ulykker fordelt årstall

År	Antall ulykker	Antall drepte/skadde	Antall drepte	Antall hardt skadde	Antall lettere skadde
2004	**12**	**17**	0	0	17
2005	**5**	**6**	0	1	5
2006	**6**	**9**	0	0	9
2007	**9**	**15**	0	1	14
2008	**7**	**7**	0	1	6
2009	**7**	**9**	0	0	9
2010	**4**	**6**	0	2	4
2011	**3**	**4**	0	1	3
2012	**7**	**8**	0	0	8
2013	**4**	**7**	0	0	7
Sum	***64***	***88***	***0***	***6***	***82***



Av figuren over ser me at det er ulukke med utforkjøringar som er mest vanleg på Radøy.

Ulukkene er jamnt fordelt over året slik tabellen under viser:

Antall ulykker fordelt måned

Måned	Antall ulykker	Antall drepte/skadde	Antall drepte	Antall hardt skadde	Antall lettere skadde
Januar	5	6	0	0	6
Februar	2	4	0	0	4
Mars	4	6	0	0	6
April	4	8	0	0	8
Mai	8	12	0	1	11
Juni	8	9	0	1	8
Juli	5	6	0	0	6
August	5	6	0	2	4
September	13	20	0	2	18
Oktober	3	3	0	0	3
November	4	5	0	0	5
Desember	3	3	0	0	3
Sum alle	*64*	*88*	*0*	*6*	*82*



Trafikantgruppe - skadegrad

Trafikantgruppe	Antall drepte/skadde	Antall drepte	Antall hardt skadde	Antall lettere skadde
Bilfører	47	0	2	45
Bilpassasjer	24	0	2	22
Person lett MC	1	0	0	1
Person annen MC	4	0	2	2
Person moped	4	0	0	4
Person sykkel	2	0	0	2
Fotgjenger	5	0	0	5
Aker	0	0	0	0
Andre	1	0	0	1
Sum alle	*88*	*0*	*6*	*82*

Det har ikkje vore drepne i trafikken på Radøy i perioden 2004-2013.



Av figuren over kan ein sjå at unge menneske er mest utsatt.

Veg - skadegrad

Veg	Antall ulykker	Antall drepte/skadde	Antall drepte	Antall hardt skadde	Antall lettere skadde
FV407	1	1	0	1	0
FV409	13	22	0	3	19
FV410	2	2	0	0	2
FV411	4	6	0	0	6
FV414	1	3	0	0	3
FV565	36	47	0	2	45
KV6008	1	1	0	0	1
KV6011	1	1	0	0	1
KV6019	1	1	0	0	1
KV6040	1	1	0	0	1
KV6041	1	1	0	0	1
PV98882	1	1	0	0	1
PV99897	1	1	0	0	1
Sum alle	*64*	*88*	*0*	*6*	*82*

Fylkesveg 565 er hovudvegen over Radøy og har desidert mest trafikk av vegane i kommunen. Det er og den vegen med best kvalitet og breidde. I tabellen over ser me at det er her dei fleste tilfelle av skadde er.

Tal skadde personer i trafikken er bestemt av tre hovudgrupper av faktorar:

1. Trafikkmengde (eksponeringa), det vil si omfanget av reiser og transport kvar ulykke kan skje.
2. Risiko for ulukke, det vil si sannsyn for å bli innblanda i ein trafikkulykke per kilometer ein ferdast i trafikken.
3. Skaderisikoen, det vil si sannsyn for å verte blir skada, gitt at ein er innblanda i ein trafikkulykke.

Skadenes konsekvensar for de skadde sin livskvalitet avhenger blant anna av kor alvorlege skadane er (skadegraden) og kor vellykka behandlinga av skadane er, i og utafor medisinske institusjonar. Tal skadde personer i trafikken er eit produkt av dei tre bestemmande hovudgruppene av faktorar:

Tal skadde i trafikken = Eksponering x Risiko for ulukke x Skaderisiko

Av dette føl at tal skadde personer kan reduserast på tre måtar:

1. Ved å redusere trafikkmengda (eksponeringa)
2. Ved å redusere ulykkes risikoen, det vil si tal ulykker ved ein gitt trafikkmengde

3. Ved å redusere skaderisikoen, det vil si redusere sannsyn for å bli skada og skadenes alvorsgrad ved eit gitt ulykkestall

Kjelde: Trafikkøkonomisk institutt

VISJON OG MÅLSETTING

Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2014-2017, høyringsutkast
Fire nivå:
1.Nullvisjonen – Grunnlaget for alt trafikksikkerhetsarbeid i Norge
2.Etappemål for maksimalt antall drepne og hardt skadde i vegtrafikken
3.Tilstandsmål – Utviklingen i sentrale tilstander av betydning for trafikksikkerheten.
4.Tiltak

Kjelde: Sigurd Løtveit, Vegdirektoratet



«Nullvisjonen er, som for dei tidlegare trafikksikringsplanane i fylket, det berande elementet for denne planen. Som ein naturleg konsekvens av nullvisjonen fokuserar ein på satsingsområder som har størst verknad i høve til ulykker med høgt potensiale for døde eller hardt skadde. Særlege satsingsområder for denne planen er tiltak retta mot møte- og utforkøyringsulykker, MC-ulykker, fotgjengar- og sykkelulykker og betre trafikantåtferd med fokus på førebyggande arbeid.»

Kjelde: Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2010-2013.

Visjon for Radøy:

Ingen drepne eller alvorleg skadde trafikantar i Radøy kommune,
og alle skal ha trygg skuleveg

Hovudmål

- Skuleborna skal ha trafikksikre skulevegar på Radøy.
- Vegnettet på Radøy skal utviklast med eit fartsnivå og sikringstiltak slik at ein har lav risiko for møte – og utforkøyringsulukker og unngår farlege konfliktar mellom bil og mjuke trafikantar.
- Barn og ungdom skal gjennom opplæring frå føresette, i barnehagane og i skuleverket tileigna seg kunnskap om trafikktryggleik og utvikle ein sikker åtferd i trafikken.
- Vegnettet skal utformast slik at tilgjenge og trafikktryggleik for eldre, uføre og funksjonshemma vert styrka.

TILHØVE TIL ANDRE KOMMUNALE PLANAR

Trafikksikringsplanen er ein kommunal plan. Radøy kommune har mange planar som og tek opp i seg trafikksikring, men som har hovudfokus på andre tema.

Planlegging skal bidra til å utvikle eit samfunn som tar vare på viktige felles verdiar og grunnleggande levevilkår for ulike grupper innafor rammene av en bærekraftig utvikling. Det skal blant anna takas omsyn til barn og unges oppvekstvilkår og universell utforming.

Arealplanlegging handlar om å leggje til rette for utbyggingstiltak og mange av kommunen sine reguleringsplanar har vegareal, gang- og sykkelvegar, fortau, turvegar og stiar inkludert. Kommunen si oppgåve når andre leverar planar er å sjå til at ein får ein god og sikker utbygging. I tillegg vert det sett rekkefølgjekrav som må haldast av den som er tiltakshavar.

«Eit viktig verkemiddel kommunen har til rådvelde er å knyta rekkefølgjekrav om nødvendig infrastruktur til reguleringsplanar. Reguleringsplanar skal innehalda vurdering av trafikkforholda i og utanfor planområdet. Om det er behov for utbetring av vegar eller trafikksikringstiltak, er det vanleg å leggja inn rekkefølgjekrav. Rekkefølgjekrava kan til dømes vera fortau/GS-veg med fysisk skilje mellom mjuke trafikantar og køyretøy, veglys, gjerde, trygge kryssingspunkt m. v. «

Kjelde: Trafikksikringsplan for Fjell kommune

For nye gang- og sykkelvegar er det ofte behov for arealplan. I samband med utarbeiding av reguleringsplanar, detaljplanar og områdeplanar, vert dette lagt inn for å knytte ny utbygging av bustader opp mot infrastruktur mot skulane.

Særleg i samband med utvikling av tettstadane er det viktig å sjå på tilhøve for mjuke trafikantar, gang- og sykkelvegar, stiar, tilgang på friluftsområde og element som kan sikre befolkninga gode uteopphaldsareal.

Ansvarsdeling i trafikksikringsarbeid

Fysiske tiltak på vegnettet:
- Fylkesvegar: Hordaland Fylkeskommune/Statens vegvesen
- Kommunale vegar: Radøy kommune v/vegsjefen

Opplæring, informasjon, kontroll og overvaking:
- Opplæring: Helsestasjonar, barnehagar, skular, politi, Trygg Trafikk, Statens vegvesen, køyreskular
- Informasjon: Statens vegvesen, Trygg Trafikk, kommune
- Kontroll og overvaking: Politi, Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune
Hordaland fylkeskommune har etter Vegtrafikklova §40a ansvar for å samordna tiltak for å fremja trafikktryggleiken i fylket. Fylkeskommunen er vegeigar av fylkesvegnettet. Gjennom sams vegadministrasjon er Statens vegvesen underlagt fylkeskommunen i saker som gjeld fylkesvegnettet, og med det har også Statens vegvesen det utøvande ansvaret for drift og vedlikehald på fylkesvegane. Hordaland fylkeskommune har og ansvaret for kollektivtrafikken i fylket, inkludert skuleskyss. I tillegg har fylkeskommunen og eit pådrivar- og samordningsansvar for folkehelsearbeidet i fylket. Fylkeskommunen arrangerer trafikksikringskonferanse for kommunane kvart år, og gjev tilskot til kommunale trafikksikringsplanar. Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU) har mellom anna ansvaret for det trafikantretta trafikksikringsarbeidet i Hordaland. Arbeidet har eit breitt fokus, som søkjer å nå alle aldersgrupper og typar trafikantar. FTU har eit årleg budsjett på 4 millionar kroner. Desse midlane skal nyttast til tiltak, basert på den til ei kvar tid gjeldane handlingsplan. FTU har ei sentral rolle i å detaljplanlegge og følgje opp bruken av desse midlane.

Fylkeskommunen sitt trafikksikringsarbeid er organisert som eit FTU samansett av fem politisk valde representantar og konsultative representantar frå aktuelle fagetatar. Fylkeskommunen sin fireårige handlingsplan for trafikksikring er eit grunnelement i arbeidet til FTU, og skisserer også dei særskilde satsingsområda i perioden. Planen gjev eit oversyn over økonomiske råmer og fordeling av midlane.

Statens vegvesen

Statens vegvesen (Vegvesenet) er felles vegadministrator for riksvegar og fylkesvegnettet, og har ansvar for å tryggja ferdsla på riks- og fylkesvegar. Vegvesenet har ansvar for planlegging, utbygging, drift og vedlikehald av vegane. Vegvesenet har også ansvar for planlegging og utbygging av gang- og sykkelvegar langs riks- og fylkesvegane. Kommunen har ansvar for drift og vedlikehald av gang- og sykkelvegar langs fylkesvegane, utanom dei fylkesvegane som vart ned klassifisert frå riksvegar i 2010. Kontroll og godkjenning av køyretøy, kontroll av køyre- og kviletid og kontroll av bilbeltebruk høyrer inn under Vegvesenet sitt ansvarsområde. I tillegg er det Statens vegvesen som har ansvar for gjennomføring av førarprøvar og tilsyn av køyreskular. Vegvesenet skal fungera som fagleg rådgjevar for nasjonale og lokale styresmakter i veg- og trafikkspørsmål og kan hjelpa kommunen med faglege råd om trafikksikring. Vegvesenet driv og med førebyggjande arbeid og gjennomfører nasjonale trafikksikringskampanjar.

Politiet

I første rekkje er politiet sitt ansvar knytt til kontroll og overvaking. Politiet prioriterer sterkast dei formene for kontroll som har størst potensiale for å redusera talet på drepne eller skadde i trafikken. Høg fart og aggressiv åtferd i trafikken, køyring i ruspåverka tilstand og manglande bruk av sikringsutstyr er høgt prioriterte kontrollfaktorar. I tillegg til kontroll av privattrafikken har politiet og oppgåver knytt til kontroll av køyre- og kviletidsreglar for tungtransport og kontroll av farleg transport. Politiet deltek også i det førebyggjande trafikktryggleiksarbeidet. Døme på tiltak er haldningsskapande arbeid og opplæring i trygg ferdsle i trafikken.

Trygg Trafikk

Trygg Trafikk er det viktigaste kompetansesenteret for trafikktryggleik og Trafikkopplæring i Noreg. Målet til Trygg Trafikk er å oppnå best mogleg trafikktryggleik for alle trafikantgrupper og organisasjonen arbeider mykje med Trafikkopplæring av barn og unge. Trygg Trafikk sine nettsider har informasjonsmateriell som kan lastast ned gratis. Mykje av dette er råd og rettleiing til foreldre om Trafikkopplæring, farleg skuleveg og sikring av barn i bil. Trygg Trafikk driv Barnas Trafikklubb og kan tilby trafikktryggleikskurs til personalet i helsestasjonar, barnehagar og skular. Organisasjonen har eit tett samarbeid med skulesektoren, og har etablert ei ordning med eigne trafikkambassadørar

LITT OM RADØY KOMMUNE

Radøy kommune, med sine 269 øyar, holmar og skjer, ligg sentralt plassert i Nordhordland. Avstanden frå Bergen sentrum til kommunesenteret Manger er 45 km. Samla areal er 111 kvadratkilometer, og folketalet er omlag5000. Ca 1000 av desse bur på Manger. Befolkninga har auka moderat i dei seinare år. Busettinga er spreidd og mange er avhengige av bil i kvardagen.

Over 80 % av landarealet ligg lågare enn 60 m.o.h., og høgste toppen er Morkefjellet med 217 m.o.h. Årleg nedbør er omlag 1600 mm. Kjelde: www.radoy.kommune.no

Radøy samfunnet er bygd opp rundt 4 skulekrinsar; Manger, Hordabø, Austebygd og Sæbø. Manger er i tillegg kommunesenter med tenestetilbod innan daglegvare, service, helsetenester og fritidsaktivitetar.

FOLKEHELSEPERSPEKTIV

Kommunane skal:

«fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse, bidra til utjevning av sosiale helseforskjeller og bidra til å beskytte befolkningen mot faktorer som kan ha negativ innvirkning på helsen»

Folkehelselova § 4, 1 ledd

Folkehelse er befolkningas helsetilstand, hva som påvirker helsen og hvordan helsen fordeler seg hos innbyggerne. Folkehelsearbeid er alles ansvar.
Folkehelsearbeid er å skape gode oppvekstvilkår for barn og unge, forebygge sykdom og skader og legge til rette for sunne levevaner, beskytte mot helsetrusler og fremme fellesskap, trygghet, inkludering og deltakelse.

Folkehelsearbeid er politikk. Det er langsiktig og systematisk samfunnsutviklingsarbeid rettet mot hele befolkningen.
Ulykkesforebyggende arbeid er en del av folkehelsearbeidet. Å forebygge trafikkulykker er en del av dette arbeidet Kjelde: Trygg trafikk

Radøy kommune skal ha med folkehelseperspektivet i all planlegging.



Figur 3: 90-10-regelen (Wildavsky 1977) fra NOU 1998:18, Det er bruk for alle

Det «tradisjonelle» folkehelsearbeidet
Tenestefokus, levevanefokus, helsesektoren som premissleverandør

Det «nye» folkehelsearbeidet
Breitt, knytt til politikk og samfunnsplanlegging, utvikling og verksemd i alle sektorar

Kjelde: Hordaland fylkeskommune

DAGENS VEGSITUASJON I RADØY KOMMUNE

Fylkesvegar:

- FV 565 - gjennom heile kommunen på austsida av øya
- FV 406 - Lunde – Vetås
- FV 407 - Storheim-Storheimstø
- FV 408 - Veg over Olsvoll
- FV 409 – Lundsdalen –Manger-Bøvågen- Rossneset og Bøvågen – Nordanger
- FV 410 – Manger – Toska og Manger – Mangersnes
- FV 411 – Hellandsvegen – Sletta
- FV 412 – Helland – Sætre – Hella
- FV 413 – Ystebø – Valdersnesvegen
- FV 414 – Hella – Fløholmen- Marøy

Kommunale vegar:

- Samla veglengde på kommunale vegar er i overkant av 50 km.
- Då er vegane internt i byggefelta rekna med.

Syltaneset	673m
Risnes – Risnes kai	Ca1000m
Sylta – Kjenesvegen	404m
Bøgjerdet	326m
Bøtjørnvegen	1316m
Nordbøvegen	994 m
Bø – Bøvågen kai - Krossneset	393m
Bø –Bøvågen kai (arm til kaien)	40m
Haugland – Listveitvegen	2573 m
X F 414 Marøy Nord	451m
XF 565 – Straume kai (arm til kaien)	492m
XF565 Straume – XF565 Straumsvegen	385m
XF409 – Nordanger – XF565 Nordangervågen	1079m
XF565 Skaråsmyra	1026
XK 19 Mjøs Øvre	1006m
XK19 Nedre Mjøs	963m
Øvre Soltveit	454m
XF565 Nedre Soltveit	554m
XF413 Valderssvågen	392 m
XF413 – Skjelvik Kai	269 m
XF 413 Skjelvik	660 m
XF 413 Ystebø – Trævegen XF 565 Ystebøtræet	1584 m
X – Sletta kai Sjøbrekka	61 m
X – Renen Ystebørenen	259 m
XF565 – Sletten	294 m
XF409 Vågenes – XF 409 Vågenesvegen	1865 m
Vågenes – Hålandsvegen	976 m
Vågenes – nord Vågenesvegen	371 m
XFV 409 – Hella kai	583m
Hella (internt i feltet) Helleneset	700 m
XFV – Birkelandsvågen	507 m
XFV 412 – Grindheim	1290 m
XFV 412 Sætre - Myking	975 m
XFV 411 Helland – Litlaneset før bru – del av	709 m
XFV 411 Moldkleiva - Dalland	1018 m
Lervikvegen	812 m
XF 565 – Sævdal	339 m
XF 409 – Nøttveitvegen	837 m
XF 410 Mangervåg – Mangersnes (Smedbrekka – Urhaug)	1250 m
XF 410 Jotun – Mangerøy	169 m
XF 410 – Toska kai Toskavegen	198 m
XF 410 Toska sør Toskavegen	848 m
XF 410 – Toska nord Toskavegen	920 m
XF 409 Kolstad – Boga – Kviste Kvistevegen	2968 m
Boga – Boga kai	467m

XF 409 – Kartveit - Ulvatn	778 m
XF 409 – Kolås	679 m
XR 565 Lunde – Askeland kai Askelandsvegen	1460 m
X565 Nøtlevåg – Vågstaule	961 m
XF565 Dale – Nøtlevågen	824 m
Veg til Olsvollstranda industriområde	611m
XF565 Kalnes – Storsandvik	406 m
XF406 – Sæbøvågen (sør og ned til kai er med)	1440 m
Frå slutt FV – Radøygruppen Vetås	175 m
Interne vegar i Austmarka byggefelt	3442 m
Interne vegar på Manger	4609 m

BARNEHAGAR OG SKULAR PÅ RADØY

Skular:
- Hordabø skule
- Manger skule
- Austebygd skule
- Sæbø skule
- Radøy ungdomsskule

Barnehagar:
- Bø
- Austebygd
- Prestmarka
- Sæbø
- Solhall og Dale, avdelingar

Gangavstandar frå skulane:
Opplæringslova frå 98 § 7 bestemmer at elever frå 2. – 10 klasse som bur meir enn fire kilometer frå skulen har rett til gratis skyss. For elever i 1. klasse er skyssgrensa to kilometer. Skulereforma i 1997 førte til at ungar må ut i trafikken eit år tidlegare, det vil seie at 6 – åringar skal gå til skulen.

HORDABO SKULE!

Særordningar for skuleskyss

Dei lokale tilhøva er vurdert av ein nemnd satt ned av kommunestyret. På særleg farleg skuleveg er følgjande særordningar innført:

Hordabø skule
Ingen særordningar når det gjeld skuleskyss.

Manger skule
Alle på Halland og Sævdal har fri skuleskyss på grunn av særleg farleg skuleveg.
Alle på Helland har fri skuleskyss på grunn av særleg farleg skuleveg.
Elevar i 2.&3. klasse frå Dalland og Tveiten har fri skuleskyss på grunn av særleg farleg skuleveg.
Endringa på Helland kan gje utslag for elevar på Ungdomsskulen.

Austebygd skule

Born i 1. og 2. klasse som kjem nordfrå langs FV – 565 til Austebygd skule, og alle langs Hellandsvegen etter Sletta senter, får fri skyss grunna særleg farleg skuleveg.

Sæbø skule
Alle som må ha skuleveg langs rv 565 får fri skuleskyss grunna særleg farleg skuleveg.

Skulevegen frå Vetås til Sæbø skule skal reknast etter gangvegen om Solheim. Elevar som har meir enn 4 km etter denne vegen, får fri skyss.

Radøy ungdomsskule
Alle på Halland og Sævdal har fri skuleskyss på grunn av særleg farleg skuleveg.

TILTAKSDEL

HALDNINGSSKAPANDE TRAFIKKOPPLÆRING

